



Reigstad Bygg og Eigedom AS
Kjell Reigstad

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/3366 - 18/13101

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:

16.05.2018

Uttale til ny skisse for avkjørsle til gbnr 137/45 Alver

Tiltak: Flytte avkjørsle for eksisterande bustad
Byggjestad: Kubbaleitet 2A og 2B **Gbnr:** 137/45
Heimelshavar: Ronny Johnsen og Linda Maria Aslesen
Ansvarleg søkjar: Reigstad Bygg og Eigedom AS v/Kjell Reigstad

I samband med utbygging og omlegging av veg i Kubbaleitet er det planlagt å flytte avkjørsle for gbnr 137/45 etter ynskje frå eigar. Vegavdelinga har saman med utbyggjar (ansvarleg søkjar) og heimelshavar hatt synfaring på staden. Det vart avtala at utbyggjar skulle sende inn oppdaterte teikningar i samsvar med det partane vart einige om på staden. Det er denne skissa som her vert vurdert. Brevet vert skrive som ei uttale frå vegavdelinga som skal kunne nyttast som vedlegg til framtidige søknader og dispensasjonar.

Planstatus

Avkjørsla til eigdommen ligg i ytterkant av det regulerte område i reguleringsplan «**Kubbaleitet (Sommerro) - 201215**» og er regulert til «**Bustader - frittliggjande - småhus**». Det vil krevje søknad om dispensasjon frå gjeldande plan for å flytte avkjørsla til ny plassering, avkøyning mot Isdalstøbakken.

VURDERING

Vegavdelinga har vurdert skissa til ny løysing for avkjørsla til gbnr 137/45. Eksisterande avkjørsle er etablert slik den er teikna inn på gjeldande reguleringsplan. Med tanke på trafiksikkerheit er det ikkje optimalt å ha tilkomst til eigedomen slik den er i dag og slik reguleringsplanen viser. Eksisterande tilkomstveg Kubbaleitet skal leggjast om og er regulert som offentleg veg. Den nye vegen vil bli ny hovudveg i området med tilkomst til 173 nye bustadeiningar og det vil bli ei auke i ÅDT på rundt 1200 bilar forbi avkjørsla til eigedom 137/45. Avkjørsla, slik den er regulert, vil komme ut midt i kurve ved kryss, brukarane må vere merksam på trafikk frå 3 retningar samt vegkryssing for mjuke trafikkantar (fortau).

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Den nye avkøyrsla vil komme ut i Isdalstøbakken. Isdalstøbakken vil måtte stengast for gjennomkøyring når bomstasjonane til Nordhordlandspakken vert sett i drift. Trafikken i og langs Isdalstøbakken vil bli kraftig redusert og fungere som tilkomst til nokre få bustadeiningar.

Den nye avkøyrsla vil vere plassert på nedsida av regulert innsnevring. Innsnevringa skal etablerast som fartsreduserande tiltak og avgrensing mot den nye hovudtrasseen.

Det vil bli god sikt ut frå den nye avkøyrsla og færre trafikale situasjonar å ta omsyn til ved inn og utkøyring. Den nye avkøyrsla vil ha sikt til det nye krysset, fortauet og gangfeltet. I tillegg vil det bli høve til å snu ein bil inne på egedommen.

Konklusjon

Den nye løysinga er betre eigna både med tanke på trafikksikkerhet og utforming.

Vegavdelinga har vore på staden, har diskutert ny løysing og vil kunne godkjenne og tilrå ny løysing med avkøyrsla mot Isdalstøbakken slik den nye skissa, «kart avkøyring Johnsen v2 1-500 A4 14032018» viser.

Veglova

Ei ny avkøyrsla må tilfredstille §§ 40-43 i Veglova samt kommunen si vegnorm og vil krevje vedtak.

Den nye avkøyrsla ligg innanfor det regulerte området på reguleringsplanen og skal handsamast av byggesaksavdelinga.

Dispensasjon

Kommunen skal vurdere saka. Mellom anna skal kommunen vurdere om vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylt og kva for konsekvensar tiltaket kan ha. Fylkesmannen forventar at følgjande saksopplysningar følgjer dispensasjonssaker som vert sendt oss frå kommunane:

- *Tydeleg framstilling, på første sida, om kva arealføremål eller føresegn det vert søkt om dispensasjon frå*
- *Tydeleg skildring av det omsøkte tiltaket*
- *Planstatus for det aktuelle området*
- *Plankart i fargar*
- *Flyfoto*
- *Oversiktskart med avmerking av tiltaket*
- *For eventuelle byggetiltak skal teikningar med tydelege mål leggest ved*
- *Aktuelle landbruksfaglege opplysningar*
- *Andre bruks- og verneinteresser*
- *Tiltakshavar sin søknad*
- *Ei konkret vurdering av om vilkåra for dispensasjon etter plan og bygningslova § 19-2 er oppfylt.*
- *Tidlegare vedtak/motsegner som gjeld saka /historikk*

[henta frå heimesida til Fylkesmannen i Hordaland]

Med helsing

Rune Kilen
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart avkjøring Johnsen v2 1-500 A4 14032018

Mottakarar:

Reigstad Bygg og Eigedom AS